

# Forskrift 18. juni 2024 om skulerute i Sande kommune

*Heimel: Fastsett av Kommunestyret i Sande kommune i politisk sak 65/24 den 18. juni 2024 med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1.*

## **§1 Formål og verkeområde**

Forskrifta seier kva skule- og feriedagar elevane ved dei offentlege grunnskulane skal ha i skuleåret. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret, jf. oppl.lova § 14-1.

## **§ 2 Skulerute**

Dei offentlege grunnskulane i Sande kommune følgjer til ei kvar tid skuleruta som vert fastsett av Møre og Romsdal fylkeskommune.

## **§ 3 Iverksetjing**

Denne forskrifta gjeld frå 1. august 2024.